Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 983 450 326 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | TUSSA-24 AS |
| Forretningsadresse: | Langemyra 6 |
| | 6160 HOVDEBYGDA |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2016 - 31.12.2016 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Elling Andreas Dybdal |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 15.06.2017 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 13.07.2019

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | | 200 179 573 | 163 398 372 |
| Annen driftsinntekt | 9, 15 | 15 163 143 | 16 115 050 |
| **Sum inntekter** | 9 | **215 342 717** | **179 513 422** |
| **Kostnader** | | | |
| Varekostnad | 15 | 181 845 554 | 148 984 256 |
| Lønnskostnad | 10, 11 | 14 910 777 | 13 951 180 |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 1 | 103 748 | 39 055 |
| Annen driftskostnad | 11, 14, 15 | 14 571 024 | 13 547 213 |
| **Sum kostnader** | | **211 431 102** | **176 521 703** |
| **Driftsresultat** | | **3 911 615** | **2 991 719** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 12 | 118 245 | 305 820 |
| Annen finansinntekt | | 588 374 | 787 905 |
| **Sum finansinntekter** | | **706 620** | **1 093 725** |
| Rentekostnad til føretak i same konsern | 12 | 584 165 | 435 583 |
| Annen finanskostnad | 12 | 32 822 | 50 233 |
| **Sum finanskostnader** | | **616 987** | **485 816** |
| **Netto finans** | 12 | **89 632** | **607 909** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **4 001 247** | **3 599 628** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 7 | 1 147 641 | 1 210 820 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **2 853 606** | **2 388 808** |
| **Årsresultat** | | **2 853 606** | **2 388 808** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **2 853 606** | **2 388 808** |
| **Totalresultat** | | **2 853 606** | **2 388 808** |

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Overføringer til/fra annen egenkapital | 5 | 2 853 606 | 2 388 808 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **2 853 606** | **2 388 808** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Utsett skattefordel | 7 | 2 582 403 | 2 483 143 |
| **Sum immaterielle eigedelar** | | **2 582 403** | **2 483 143** |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Maskiner og anlegg | | 752 474 | 808 057 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende | 1 | 469 060 | 9 936 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **1 221 534** | **817 993** |
| **Finansielle anleggsmiddel** | | | |
| Andre fordringer | 2 | | 15 030 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | | **15 030** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **3 803 937** | **3 316 166** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringer | 3, 14 | 62 540 854 | 17 618 767 |
| Andre fordringer | 4, 3 | 11 653 450 | 37 573 761 |
| **Sum krav** | | **74 194 304** | **55 192 528** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 4 | 5 584 290 | 4 591 242 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **5 584 290** | **4 591 242** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **79 778 594** | **59 783 770** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **83 582 531** | **63 099 935** |

**BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD**

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 5, 6 | 15 000 000 | 15 000 000 |
| Annan innskoten eigenkapital | 5 | 5 730 266 | 6 470 970 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **20 730 266** | **21 470 970** |
| | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 5 | 2 056 441 | -797 165 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **2 056 441** | **-797 165** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | | **22 786 707** | **20 673 806** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 3 | 42 570 949 | 16 403 448 |
| Betalbar skatt | 7 | | |
| Skyldige offentlige avgifter | | 11 845 833 | 8 737 461 |
| Annen kortsiktig gjeld | 3 | 6 379 042 | 17 285 221 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **60 795 824** | **42 426 130** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **60 795 824** | **42 426 130** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **83 582 531** | **63 099 935** |

# Årsrekneskap 2016
# Tussa-24 AS

Årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Kontantstraum

Org.nr.: 983 450 326

# RESULTATREGNSKAP

**TUSSA-24 AS**

| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Energisal | | 200 179 573 | 163 398 372 |
| Anna driftsinntekt | 9, 15 | 15 163 143 | 16 115 050 |
| **Sum driftsinntekter** | **9** | **215 342 717** | **179 513 422** |
| | | | |
| Energikjøp og overføringskostnad | 15 | 181 845 554 | 148 984 256 |
| Lønskostnad | 10, 11 | 14 910 777 | 13 951 180 |
| Avskriving | 1 | 103 748 | 39 055 |
| Annan driftskostnad | 11, 14, 15 | 14 571 024 | 13 547 213 |
| **Sum driftskostnader** | | **211 431 102** | **176 521 703** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **3 911 615** | **2 991 719** |
| | | | |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| Renteinntekt fra føretak i same konsern | 12 | 118 245 | 305 820 |
| Anna finansinntekt | | 588 374 | 787 905 |
| Rentekostnad til føretak i same konsern | 12 | 584 165 | 435 583 |
| Annan finanskostnad | 12 | 32 822 | 50 233 |
| **Resultat av finanspostar** | **12** | **89 632** | **607 909** |
| | | | |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 4 001 247 | 3 599 628 |
| | | | |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 7 | 1 147 641 | 1 210 820 |
| | | | |
| **Årsresultat** | | **2 853 606** | **2 388 808** |
| | | | |
| **OVERFØRING** | | | |
| Avsett til annan eigenkapital | 5 | 2 853 606 | 2 388 808 |
| **Sum overføringar** | | **2 853 606** | **2 388 808** |

# BALANSE

**TUSSA-24 AS**

| EIGEDELAR | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDDEL** | | | |
| **IMMATERIELLE EIGEDELER** | | | |
| Utsett skattefordel | 7 | 2 582 403 | 2 483 143 |
| **Sum immaterielle eigedelar** | | **2 582 403** | **2 483 143** |
| **VARIGE DRIFTSMIDDEL** | | | |
| Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr | 1 | 469 060 | 9 936 |
| Anlegg under arbeid | | 752 474 | 808 057 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **1 221 534** | **817 993** |
| **FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL** | | | |
| Pensjonsmidlar | 2 | 0 | 15 030 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **0** | **15 030** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **3 803 937** | **3 316 166** |
| **OMLØPSMIDDEL** | | | |
| **KRAV** | | | |
| Kundekrav | 3, 14 | 46 813 927 | 17 505 949 |
| Opptent, ikkje fakturert inntekt | | 15 726 927 | 112 818 |
| Fordring på føretak i same konsern | 4 | 8 995 614 | 24 094 990 |
| Andre kortsiktige krav | 3 | 2 657 836 | 13 478 771 |
| **Sum krav** | | **74 194 304** | **55 192 528** |
| **INVESTERINGAR** | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 4 | 5 584 290 | 4 591 242 |
| **Sum omløpsmiddel** | | **79 778 594** | **59 783 770** |
| **Sum eigedelar** | | **83 582 531** | **63 099 935** |

# BALANSE

**TUSSA-24 AS**

| EIGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **INNSKOTEN EIGENKAPITAL** | | | |
| Aksjekapital | 5, 6 | 15 000 000 | 15 000 000 |
| Annan innskoten eigenkapital | 5 | 5 730 266 | 6 470 970 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **20 730 266** | **21 470 970** |
| | | | |
| **OPPTENT EIGENKAPITAL** | | | |
| Annan eigenkapital | 5 | 2 056 441 | -797 165 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **2 056 441** | **-797 165** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | | **22 786 707** | **20 673 806** |
| | | | |
| **GJELD** | | | |
| **AVSETJING TIL PLIKTER** | | | |
| | | | |
| **ØVRIG LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | 3 | 42 570 949 | 16 403 448 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 11 845 833 | 8 737 461 |
| Gjeld til føretak i same konsern | 3 | 4 344 539 | 7 590 791 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 2 034 503 | 9 694 429 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **60 795 824** | **42 426 130** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **60 795 824** | **42 426 130** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **83 582 531** | **63 099 935** |

Dragsund, 28.03.2017
Styret i Tussa-24 AS

Elling Andreas Dybdal
Styreleiar

Nina Melle Scharning
Styremedlem

Ivar Driveklepp
Styremedlem

Per Are Sørheim
Adm. Direktør

# INDIREKTE KONTANTSTRAUM

**TUSSA-24 AS**

| | | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR** | | | | |
| | Resultat før skattekostnad | | 4 001 247 | 3 599 628 |
| +/- | Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel | | 0 | -70 734 |
| + | Ordinære avskrivingar | | 103 748 | 39 055 |
| +/- | Endring i kundefordringer og opptent inntekt | | -44 922 087 | 3 734 070 |
| +/- | Endring i leverandørgjeld | | 26 167 501 | -3 631 538 |
| +/- | Forsk. kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensj( | | 15 030 | 349 207 |
| +/- | Endring i andre tidsavgrensingspostar | | 6 557 603 | -3 214 051 |
| = | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktiviteta** | | **-8 076 959** | **805 637** |
| **KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR** | | | | |
| + | Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar | | 0 | 94 000 |
| - | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | | 507 289 | 808 000 |
| = | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | | **-507 289** | **-714 000** |
| **KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR** | | | | |
| +/- | Netto endring i konsernmellomværande | | 15 099 376 | 5 246 514 |
| - | Utbetalingar av konsernbidrag | | 5 522 079 | 7 005 000 |
| = | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | | **9 577 297** | **-1 758 486** |
| = | Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar | | 993 049 | -1 666 849 |
| + | Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga | | 4 591 242 | 6 258 092 |
| = | **Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten** | | **5 584 291** | **4 591 243** |

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2016

## VERKSEMD OG LOKALISERING

Tussa-24 AS er eit dotterselskap i Tussakonsernet, heileigd av morselskapet Tussa Kraft AS. Selskapet vart etablert i juni 2001. Selskapet sitt hovudkontor ligg i Dragsund i Herøy kommune.

Tussa-24 AS er konsernet sitt sals- og marknadsselskap og skal ha fokus på marknadsføring, sal og kundeservice. Selskapet har og produktansvar for kraftprodukta. I tillegg utfører selskapet marknadsføring og kundeservice for andre selskap i Tussa. Selskapet er delt inn i seksjonar for marknad, sal og ettermarknad (Kundesenter og Fakturaservice).

## ANALYSE AV ÅRSREKNESKAPEN

Tussa-24 AS hadde eit driftsresultat for 2016 på 3,9 mill. kr. Det er 0,9 mill. kr meir enn i 2015. Resultat før skatt var på 4,0 mill. kr. Det er 0,4 mill. kr meir enn 2015.

Kraft er det klart viktigaste produktet for resultatet i selskapet. Selskapet opererer i ein marknad med sterk konkurranse. Store prissvingingar og usikkerheit knytt til forbruket til kunden pregar kraftmarknaden.

Selskapet har hatt fokus på kostnadskontroll og god styring med kostnadsutviklinga.

Samla kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar i selskapet var -8,1 mill. kr, mot 0,8 mill. kr i 2015. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar utgjorde ei utbetaling på -0,5 mill. kr mot utbetaling på -0,7 mill. kr i 2015.

Balansen pr. 31.12.2016 syner anleggsmidlar på 3,8 mill. kr, omløpsmidlar på 79,8 mill. kr, sum eignelutar på 83,6 mill. kr. Kortsiktig gjeld er 60,8 mill. kr og eigenkapitalen er 22,8 mill. kr som gir totalkapital på 83,6 mill. kr.

## FINANSIELL RISIKO

Selskapet er utsett for risiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft. For å redusere risikoeksponeringa knytt til kjøp av kraft nyttar selskapet ulike finansielle instrument som opsjonar, futures og forwardkontraktar. Slike finansielle instrument er mest brukt til kraftkjøp som skal seljast ut igjen til fastpriskundar.

Selskapet sitt risikodokument set rammer for den finansielle handelen.

Konsernet og dei einskilde selskapa sin likviditet vert tilpassa og styrt gjennom aktiv bruk av fleirkontosystemet. Dotterselskapa låner pengar i fleirkontosystemet eller dei bidreg med midlar til systemet. Det er morselskapet sitt ansvar å sørgje for at lånesaldoen mot banken ligg på eit fornuftig nivå og innanfor den kredittramma som er innvilga.

Eksterne lån er som hovudregel teke opp i morselskapet Tussa Kraft AS. Døtrer i konsernet har ansvarlege lån hos mora og/eller dei låner pengar i fleirkontosystemet til flytande rente.

Tussa-24 har ikkje behov for å nytte kassakreditten i fleirkontosystem, og har heller ikkje ansvarlege lån.

**RESULTATDISPONERING**

Aksjekapitalen utgjer 15 mill. kr og total eigenkapital 01.01.2016 var 20,68 mill. kr. Styret legg fram forslag om at overskotet på 2,85 mill. kr vert ført mot annan eigenkapital. Selskapet avgir konsernbidrag på 0,74 mill. kr. Eigenkapitalen ved utgangen av året er dermed 22,79 mill. kr.

| | |
|---|---|
| Årsresultat | 2,85 mill. kr |
| Avgitt/motteke konsernbidrag | -0,74 mill. kr |
| Endring eigenkapital | 2,11 mill. kr |

**VIDARE DRIFT**

Tussa-24 AS er konsernet sitt sals- og marknadsselskap. Selskapet skal vere med å bidra til å føre Tussa sine produkt ut i marknaden på ein mest mogleg samordna, effektiv og målretta måte.

Kraftmarknaden vil også komande år vere prega av hard konkurranse og låge marginar. Tussa-24 AS vil vere synlege og offensive når det gjeld sal og marknadsføring av Tindekraft-produkta i denne marknaden. Vi skal vere tydelege på at vi har eit miljøvennleg produkt og ei sterk lokal forankring.

I bedriftsmarknaden skal vi selje på god produktbreidde og solid kompetanse innan ulike kraft- og energispareprodukt.

Tilbakemelding frå kundane er generelt gode. Vi skal ha fokus på å gjennomføre målretta kundeundersøkingar både for å måle kundebehandlinga og produktleveransane.

Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades. Denne føresetnaden er lagt til grunn i utarbeidinga av årsrekneskapen. Styret stadfestar vidare at rekneskapen gir eit rett bilete av selskapet sin økonomiske situasjon.

**ARBEIDSMILJØ**

Arbeidsmiljøet i selskapet er godt. Det har ikkje vore ulykker eller skadar i tilknyting til drifta.

Sjukefråværet i selskapet var på 5,6 %, som er 1,8% lågare enn fjoråret.

**LIKESTILLING**

Av Tussa-24 AS sine 20 fast tilsette og 1 vikarar, er det 3 menn og 18 kvinner.
Leiargruppa består av 3 kvinner og 1 mann.

Tussa-24 AS har ein personalpolitikk som er tilrettelagt slik at ein stimulerer til ei aktiv likehandsaming. Der er retningslinjer for tilsetjing som skal fremme likestilling, og eit lønssystem som er kjønnsnøytralt og skal hindre ulik handsaming. I tillegg er forholda lagt til rette med fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår, noko som gjer det mogleg både for kvinner og menn å kombinere jobb og familie på ein best mogleg måte.

Tussa-24 AS sitt styre består av 2 menn og 1 kvinne.

**MILJØRAPPORTERING**

Tussa-24 AS si verksemd er ikkje slik at det forureinar det ytre miljøet.

Dragsund, 28.03.2017
i styret for Tussa-24 AS

| | | |
|---|---|---|
| Elling Dybdal<br>styreleiar | Ivar Driveklepp<br>styremedlem | Nina Melle Scharning<br>styremedlem |

Per-Are Sørheim
adm. direktør

TUSSA-24 AS Notar til rekneskapen for 2016

## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.
Årsrekneskapen vert konsolidert i konsernrekneskapen til morselskapet Tussa Kraft AS, Langemyra 6, 6150 Ørsta. Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på www.tussa.no.

**Salsinntekter**
Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet (transaksjonsprinsippet), og inntektene er resultatført når dei er opptent (oppteningsprinsippet).

*Sikring:*
Realiserte tap/gevinstar på futures og forwardkontraktar er resultatført i leveringsperioden.

**Klassifisering og generelle reglar for vurdering av balansepostar**
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.
Omløpsmidlar omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter etableringstidspunktet.
For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris. Varige anleggsmiddel som har avgrensa levetid, vert avskrive lineært over forventa økonomisk levetid. Dersom verkeleg verdi av anleggsmiddelet er lågare enn balanseført verdi, vert det gjennomført nedskriving til verkeleg verdi i samsvar med prinsippa i rekneskapsstandarden om nedskriving.

**Varige driftsmidlar**
Varige driftsmidlar vert balanseført og avskrive lineært over driftsmiddelet si forventa levetid. Direkte vedlikehald vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkost eller forbetringar vert lagt til driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.
Skiljet mellom vedlikehald og påkost/forbetringar vert rekna i forhold til driftsmiddelet sin stand ved kjøpet.

**Fordringar**
Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av vurderingar av fordringane. For straum-utfordringane er det vurdert avsetning basert på erfaringstal for tap.
Tussa-24 er elsertifikatpliktig i 2016 for 11,6 % av forbruket til selskapet sine sluttbrukarar. Det er innkjøpt fleire elsertifikat enn naudsynt i høve til forbruket, og dette er bokført som ein forskotsbetalt kostnad.

**Kontantar og kontantekvivalentar**
Kontantar er kassa-, bank- og andre likviditetsbehaldningar. Kontantekvivalentar er likvide plasseringar der formålet er å møte nære føreståande kontantutbetalingar, og som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp.

**Skattar**
Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt og endring i utsett skatt.
Utsett skatt utgjer 24%/25% av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.
Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna. Netto utsett skattefordel blir balanseført i den grad det er sannsynleg at denne kan bli nyttegjort. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, er ført netto i balansen.

## Note 1 Varige driftsmidlar og immaterielle rettar

(Alle tal i 1000 kr)

| Varige driftsmidlar | Goodwill, lisensar | Transp. Inventar, utstyr | Prosjekt under arbeid | SUM |
|---|---|---|---|---|
| Kostpris pr. 01.01.16 | 14 245 | 7 866 | 808 | **22 919** |
| Tilgang kjøpte driftsmidlar | | 563 | | **563** |
| Avgang selde driftsmidlar | | | 56 | **56** |
| Kostpris 31.12.16 | 14 245 | 8 429 | 752 | **23 426** |
| | | | | |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12.16 | 14 245 | 7 960 | - | **22 205** |
| Akkumulerte nedskrivingar 31.12.16 | - | - | - | - |
| Reverserte nedskrivingar 31.12.16 | - | - | - | - |
| | | | | |
| **Balanseført verdi pr. 31.12.16** | **-** | **469** | **752** | **1 221** |
| Lineære avskrivingar, | | | | |
| Avskrivingar i året | - | 104 | - | **104** |
| Økonomisk levetid i år | 5 | 3 - 15 | | |

## Note 2 Fordringar

(Alle tal i 1000 kr)

**Fordringar med forfall seinare enn eit år**

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Langsiktig fordring | 0 | 15 |

## Note 3 Mellomverande med selskap i same konsern

(Alle tal i 1000 kr)

| **Fordringar** | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Kundefordringar | 151 | 247 |
| Fordring mor - konsernkonto | 8 996 | 24 095 |
| Konsernbidrag | 0 | 0 |
| Andre fordringar | 40 | 6 |
| **Sum fordringar** | **9 187** | **24 348** |

| **Gjeld** | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Leverandørgjeld | 17 261 | 15 743 |
| Konsernbidrag | 1 988 | 5 522 |
| Anna kortsiktig gjeld | 2 357 | 2 069 |
| **Sum gjeld** | **21 606** | **23 334** |

## Note 4 Bankinnskot og kassakreditt

**Kassakreditt**

Tussa-24 AS sin kassakreditt er knytt opp mot eit fleirkontosystem i konsernet. Morselskapet i konsernet, Tussa Kraft AS, er konsernkontoinnehavar, medan dotterselskapa er deltakarar i systemet. Fleirkontosystemet omfattar fleire underkonti (innskot- og lån) som alle vert summert opp mot ein toppkonto (konsernkonto). Konsernkontoen syner til ei kvar tid mellomverande mot Nordea. Innvilga kassakreditt er 100 mill. kr. Nytta kassakreditt i morselskapet er 0 mill. kr pr. 31.12.16. Tussa-24 AS bidreg i fleirkontosystemet med eit bankinnskot på 9 mill. kr pr. 31.12.16.

**Bundne bankinnskot**

Bundne bankinnskot knytt til skattetrekkskontoen er kr 553 263,-.

## Note 5 Eigenkapitalen

(Alle tal i 1000 kr)

| Endring i året i eigenkapitalen | Aksje-kapital | Anna innsk. eigenkapital | Anna eigenkapital | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital 01.01 | 15 000 | 6 471 | -797 | 20 674 |
| Avgitt konsernbidrag | | -3 741 | | -3 741 |
| Mottatt konsernbidrag | | 3 000 | | 3 000 |
| Resultat i året | | | 2 854 | 2 854 |
| Eigenkapital 31.12. | 15 000 | 5 730 | 2 057 | 22 787 |

## Note 6 Tal aksjar, aksjeeigarar

Selskapet sin aksjekapital på 15 000 000 kr består av 150 000 aksjar kvar pålydande 100 kr.
Tussa-24 AS er 100 % eigd av Tussa Kraft AS.

## Note 7 Skatt

(Alle tal i 1000 kr)

| **Skattekostnaden i året fordeler seg på:** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Effekt av konsernbidrag | 0 | 0 |
| Betalbar skatt | 1 247 | 1 491 |
| Endring utsett skatt | -207 | -479 |
| Endring i utsett skatt som fylgje av endra skattesats | 108 | 199 |
| **Sum skattekostnad** | **1 148** | **1 211** |
| | | |
| **Utrekning av skattegrunnlaget i året:** | | |
| Resultat før skattekostnad | 4 001 | 3 600 |
| Varige skilnader *) | 159 | 149 |
| Endring i mellombelse skilnader | 827 | 1 773 |
| **Skattegrunnlag i året** | **4 987** | **5 522** |
| | | |
| Avgitt konsernbidrag | -4 987 | -5 522 |
| | | |
| Skattegrunnlag i året etter konsernbidrag | 0 | 0 |
| | | |
| **Betalbar skatt i balansen** | **0** | **0** |
| | | |
| **Oversikt over mellombelse skilnader:** | | |
| Fordringar | -1 000 | -489 |
| Anleggsmidlar | -348 | -372 |
| Elsertifikat | -9 412 | -9 086 |
| Pensjonsforplikting | 0 | 15 |
| **Sum** | **-10 760** | **-9 933** |
| | | |
| Skattesats | 24 % | 25 % |
| Utsett skattefordel | -2 582 | -2 483 |

Forklaring til kvifor skattekostnaden i året ikkje utgjer 25 % av resultat før skatt:

| | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| 25% av resultat før skatt | 1 000 | 972 |
| Varige skilnader (25%) | 40 | 40 |
| Endring i utsett skatt som fylgje av endra skattesats | 108 | 199 |
| **Utrekna skattekostnad** | **1 148** | **1 211** |
| Nominell skattesats **) | 28,69 % | 33,64 % |

*) Inkluderer ikkje frådragsberettiga kostnader, som for eksempel representasjon

**) Skattekostnad i høve til resultat før skatt

**Note 8 Garanti- og kausjonsansvar**

Tussa-24 AS er saman med dei andre heileigde dotterselskapa i konsernet solidarisk ansvarleg for uteståande på kassakreditten i fleirkontosystemet med eit beløp på inntil NOK 50 mill. I låneavtalen mellom Tussa Kraft AS og Nordea Bank, og mellom Tussa Kraft AS og Nordic Trustee på vegne av obligasjonseigarar, er det gjort avtale om negativt pant. Dette avgrensar både morselskapet og dotterselskapa sine moglegheiter til å pantsetje eignelutane sine.

Nordea Bank Norge ASA har pr 31.12.2016 stillt leverandørgarantiar overfor Tussa-24 AS på tilsaman NOK 39 000 000,-. Garantiane er sikra ved sjølvskuldnarkausjon stilt av Tussa Kraft AS.

**Note 9 Salsinntekt fordelt på verksemdsområde**

(tal i 1000 kr)

| Driftsinntekter | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Energisal sluttbrukar | 191 966 | 178 061 |
| Energisal engros | 8 218 | -14 663 |
| Andre inntekter x) | 15 159 | 16 115 |
| **Sum driftsinntekter** | **215 343** | **179 513** |

x) Andre inntekter gjeld sal av energiøkonomiseringsprodukt, fakturerings- og innfordringstenester og marknadsføringstenester.

**Note 10 Lønskostnader, tal tilsette og pensjonar**

(tal i 1000 kr)

| Lønskostnader | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Løn | 12 279 | 11 564 |
| Arbeidsgjevaravgift | 1 398 | 1 320 |
| Pensjonskostnader | 912 | 1 001 |
| Aktiverte eigne timar | -218 | -480 |
| Andre ytingar | 540 | 546 |
| **Sum lønskostnader** | **14 911** | **13 951** |
| | | |
| Gjennomsnittleg tal årsverk | 18,5 | 20,4 |

Selskapet har ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit til fordel for tilsette.

**Pensjonar**

Tussa-24 AS er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet har ei innskotsbasert ordning som oppfyller lova sitt krav.
Pensjonsordninga omfattar 18 personar (aktive medlemer), innskotsplanen utgjer 5 % og 8 % av lønna.
Innskots- og premiefonda utgjer kr 0,- ved utgangen av året.

**Note 11 Godtgjersle til leiande personar og revisor**

(tal i 1000 kr)

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Styregodtgjersle | 0 | 0 |

| Godtgjersle til dagleg leiar | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Løn | 1 153 | 1 152 |
| Pensjon | 67 | 99 |
| Bonus | 0 | 0 |
| Anna godtgjersle | 9 | 9 |
| **Sum godtgjersle dagleg leiar** | **1 229** | **1 260** |

| Honorar til revisor fordelt på tenestetype | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Lovpålagt revisjon | 98 | 97 |
| Andre attestasjonstenester | 8 | 6 |
| Bistand med årsrekneskap og likningspapir | 25 | 30 |
| **Sum honorar til revisor (alle beløp utan mva)** | **131** | **133** |

**Note 12 Samanslåing av postar**

(tal i 1000 kr)

**Finanspostar**

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 118 | 306 |
| Anna renteinntekt | 31 | 74 |
| Valutagevinst | 7 | 0 |
| Morarenter | 551 | 714 |
| **Sum finansinntekter** | **707** | **1 094** |
| | | |
| Rentekostnad til føretak i same konsern | 584 | 436 |
| Andre rentekostnader | 5 | 5 |
| Valutatap | 28 | 45 |
| **Sum finanskostnader** | **617** | **486** |
| | | |
| **Sum finanspostar** | **90** | **608** |

**Note 13 Finansiell risiko og bruk av finansielle instrument**

**Risiko knytt til omsetning og varekjøp i kraftmarknaden**

Tussa-24 AS er utsett for risiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft.
For å redusere risikoeksponeringa knytt til kjøp av kraft nyttar Tussa-24 AS ulike finansielle instrument som opsjonar, futures og forwardkontraktar. Slike finansielle instrument er mest brukt knytt til kraftkjøp som skal seljast ut igjen til fastpriskundar. Tussa-24 AS har utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen.

Resultatet frå sikringsbokføringa i 2016 vart ein gevinst på 3,6 mill. kr. Sikringshorisonten er 1 til 3 år. Realiserte tap/gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Verdien av sikringsporteføljen pr 31.12.16 er om lag 35 mill. kr.

**Risiko knytt til valuta**

Frå 01.01.2010 har Tussa Energi AS teke over valutarisikoen ved sikring av fastpriskontraktar. Tussa-24 beheld valutarisikoen for kontraktar inngått før 01.01.10, men desse kontraktane vert gradvis nedtrappa over tid, og dermed også valutarisikoen. Tussa-24 AS har ingen sikringsbokføring i år 2016.

**Note 14 Tap på krav**

Tussa-24 AS har i året bokført tap på krav med 55 568 kr.
I tillegg er det gjort avsetning på forventa tap med 1 000 000 kr.

**Note 15 Nærståande partar**

| **Selskapet sine transaksjonar med nærståande partar:** | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| a) Sal av varer og tenester | | |
| - Konsernselskap | 6 487 | 3 999 |
| - Morselskap | 31 | 68 |
| - Leiande tilsette | | |
| - Mørenett | 661 | 9 323 |
| - Nære familiemedlemmer av person som er kontrollerande eigar | 0 | 0 |
| Sum sal av varer og tenester | 7 179 | 13 390 |

Sal av varer og tenester til konsernselskap og mor gjeld straum, marknadstenester, samt fakturerings- og innfordringstenester.

| | | |
|---|---|---|
| b) Kjøp av varer og tenester | | |
| - Konsernselskap | 179 068 | 163 213 |
| - Morselskap | 1 142 | 1 256 |
| - Mørenett | 567 | 4 913 |
| - Nære familiemedlemmer av person som er kontrollerande eigar | 0 | 0 |
| Sum kjøp av varer og tenester | 180 777 | 169 382 |

Kjøp av varer og tenester frå konsernselskap og mor gjeld kjøp av spotkraft, IT- og kommunikasjonstenester og administrasjonstenester.

pwc

Til generalforsamlinga i Tussa-24 AS

# *Melding frå uavhengig revisor*

## *Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen*

### *Konklusjon*

Vi har revidert Tussa-24 AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 2 853 606. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide

*PricewaterhouseCoopers AS, Sjømannsvegen 14, NO-6008 Ålesund*
*T: 02316, org.no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no*
*Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap*

pwc

ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

Melding frå uavhengig revisor - Tussa-24 AS

pwc

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

## *Utsegn om andre lovmessige krav*

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund 28. mars 2017
**PricewaterhouseCoopers AS**

Nils-Kristian Synes
Statsautorisert revisor

(3)